

NATUR OG KULTUR

Nordigard Bjørge



Foto: "Trygge og gode dagar"

GAMLE VEGFAR OG HUSMANNSPLASSAR

Nordigard Bjørge ligg sentralt i Seljord, med utsikt til det vakre Seljordsvatnet som er mest kjent for sine sjøormhistoriar. Det frodige landskapet her har lokka til seg menneskje sidan steinalderen. Fleire oldsakfunn er gjort på garden. Lokalnamn spring ut frå dei gamle stigane i Bjørgefjell. På gardane i gamle dagar hadde kvar ein liten krok sitt namn – namn som fortalte noko om bruk, personar eller plassar i landskapet.

I Bjørgefjell finn du gamle ferdselsveggar gjennom kulturlandskapet, og spor etter husmannsplassar og staular med beiteområde og slåtteland. Her er mange fine stader der du kan stoppe for å kvile og nyte panoramautsikta mot Seljordsvatnet.

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

DU KAN BEUNDRE

utsikta mange stader undervegs.

Foto: Anne Gundersen



NATUR OG KULTUR

Telemarkskyri



Foto: "Trygge og gode dagar"

TELEMARSKFE vart definert som egen kurase i 1865. I åra framover hadde kua si stordomstid, og var ein stor attraksjon på den årlege Dyrsku'n. I dag er det få dyr att, og det er fare for at rasen døyr ut. Nordigard Bjørge er ein av få gardar som satsar på den unike fjellkua, som har eit heilt spesielt lynne. Ho er både selskapsjuk, leiken og nysgjerrig! Av mjølka tryllar vertskapet på garden fram den herlegaste is, smakstilsett med lokale råvarer.

Eit besøk på Nordigard Bjørge vekker alle sansar til live gjennom smak og aktivitet!



Vandrerregionen

www.vandretelemark.no www.seljordportalen.no

Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Seljord kommune med støtte frå  **TELEMAR FYLKESKOMMUNE**

Layout: Nina Åkersveen / Trykk: Erik Tønche Nilsen as

ETTER AVTALE med vertskapet kan du ta med kaninane på luftetur i band. Foto: Hanne Årlid



PÅ NORDIGARD BJØRGE er det funne mellom anna smykke frå oldtida i ei dronninggrav. Teikninga syner korleis ein trur smykket vart bruka. (Teikning: Oldsaksamlinga)



4 – 10 KM RUNDLØYPE / 1,5 – 3 TIMER
MIDDELS TIL KREVJANDE TUR ➡➡



Seljord – Telemark

TURMÅL **Bjørgefjell**

TEMA Kulturlandskap og utsynspunkt



Foto: Hamish Moore

NYT SMAKEN AV Telemark-is – eit ekte gardsprodukt frå Nordigard Bjørge laga av mjølk frå Telemarkskyri.

Foto: Hanne Årlid



Om turen

I **BJØRGEFJELL** kan du velje ulike turstiar i kulturlandskapet. Nedre del av løypa er lett til middels gradert, medan turen opp til toppen på Bjørgefjell er meir utfordrande og bratt. Undervegs er det flotte utkikspunkt med sitjebenkar fleire stader. På turen kan du sjå gamle tufter etter husmannsplassar og rydningsrøyser. I liene kan du møte på beitande telemarksfe og villsauer. Ta difor omsyn til beitande dyr og lukk grindene etter deg. For dei minste kan ei vandring blant dyra på garden anbefalast. Kan hende får du hjelpe bonden med det daglege stellet av dyra eller gå ein tur med kaninane i band? Du kan byrje turen anten frå Nordigard Bjørge gjestegard eller Seljord camping. Det er lett tilgang frå sentrumsvegen.

Køyreforklaring

Denne turen kan du starte frå Nordigard Bjørge gjestegard eller Seljord camping. Parkeringsplass finn du på både stadene.

(GPS: N59°29.189' E08° 39.258') Seljord Camping
(GPS: N59°29.364' E08° 39.122') Nordigard Bjørge gjestegard



Foto: Hanne Årtid

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.
Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Kart:
Seljord 1 : 40 000

Kart: AT plan

Høgste punkt: 895m
Skotøy: Fjellsko,
gode tursko



Tilgang:
I sommerhalvåret



For oversikt over vandrarvennleg
overnatting, sjå www.vandretelemark.no



Målestokk 1 : 10 000

Ekvidistanse 5m




Foto: "Trygge og gode dagar"



Foto: Dag Jenssen/Seljord og sogene